

Kven kan ta kontakt

Hukommelsesteamet er eit lågterskeltilbod. Alle som har ei bekymring knytt til hukommelsesvanskar, enten for seg sjølv, som pårørande eller som fagperson, kan ta direkte kontakt med oss.

Kontaktinformasjon

☎ Telefon: 948 25 979

kvardagar kl. 09.00–15.00

Ønskjer du meir informasjon?

🌐 Hukommelsesteam - Stryn kommune

Demenslinja – ei nasjonal rådgjevingsteneste

☎ Telefon: 23 12 00 40

kvardagar kl. 09.00–15.00



STRYN KOMMUNE

Hukommelsesteamet i Stryn kommune



STRYN KOMMUNE

Når hukommelsen sviktar

Det er vanleg at hukommelsen endrar seg med alderen. Men når gløymse byrjar å påverke korleis ein fungerer i kvardagen og gradvis vert verre, kan det vere teikn på demens.

Kjenner du nokon som

- Gløymer avtaler, nylege hendingar og samtaler?
- Fortel den same historia fleire gongar?
- Har problem med daglege gjeremål, som å koke kaffi, køyre bil eller handle?
- Strevar med å finne rette orda, eller å forstå det som blir sagt?
- Ikkje lenger finn fram i kjente omgiversar?
- Har utfordringar med å handtere pengar, rekningar og nettbanken?
- Legg ting på uvanlege stadar og gløymer kvar dei er plassert?
- Har humørsvingingar eller oppfører seg annleis uten tydeleg grunn?

Er du uroa for om du, eller nokon som står deg nær, har demens? Ta kontakt med fastlegen din.

Hukommelsesteamet

Hukommelsesteamet er eit tilbod til heimebuande personar med utfordringar knytt til hukommelse, og til deira pårørande.

Kva kan hukommelsesteamet hjelpe med?

- Kartlegging og utredning ved mistanke om kognitiv svikt, i samarbeid med fastlege
- Informasjon, råd og rettleiing knytt til hukommelsesvanskane
- Tilrettelegging i heimen
- Informasjon om ulike hjelpetilbod
- Oppfølging etter demensdiagnose
- Tilbod om pårørandeskule og samtalegrupper
- Teamet tilbyr heimebesøk i forbindelse med kartlegging, oppfølging og rettleiing

Kvifor er utredning viktig?

- Utelate andre sjukdomar
- Få rett diagnose
- Få riktig medisinsk behandling
- Få tilgang til hjelpetilbod
- Tilrettelegge heimesituasjonen og fremme mestring
- Planlegge framtida